



OPERA BERGEN
Postboks 763, Sentrum
5807 BERGEN

Dato: 23.02.2016
Vår ref.: 2015/2147-279
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Ang dykkar søknad om driftsstønad til institusjonar/organisasjonar innan kunst-, kultur-, og idrettsfeltet over Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett, 3-årig prøveordning - Underretning om budsjettvedtak for 2016

Vi mottok dykkar søknad om driftstilskot for 2016.

Dykkar søknad er ein del av budsjettprosessen, og budsjettet for Hordaland fylkeskommune 2016 vart vedteke i fylkestinget 08.12.2015, sak 95/159. Fylkestinget fann ikkje å kunne tilrå støtte til dykkar verksemd.

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak, då det ikkje er enkeltvedtak og årsbudsjettet er bindande jf Kommunelova (§ 46 og § 47).

Fylkestinget vedtok i 2014 å innføre ny ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstilskot, med oppstart frå og med 2016, og med neste søknadsfrist april 2018. Det handsamast i desse dagar ei politisk sak om endring i denne ordninga, og om det skulle verte vedteke å gå tilbake til søknadsfrist ei gang i året, vil dette verte opplyst på våre nettsider etter 10.mars, med evt. ny søknadsfrist på våre nettsider i vår. Det vert også evt sendt ut brev om dette til alle som har søkt denne ordninga.

Hordaland fylkeskommune har også meir tiltaks- og prosjektretta søknadsordningar innan kulturfeltet. De finn meir informasjon om dette på våre nettsider www.hordaland.no/tilskot

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.